

---

**Fra:** Jo Heldaas <Jo.Heldaas@helsedir.no>  
**Sendt:** 7. desember 2015 17:48  
**Til:** Erlend Tidemann  
**Emne:** Oppdatert informasjon fra Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Utlendingsdirektoratet



## Helsetilbudet til asylsøkarar

### Oppdatert informasjon 4. desember 2015

#### Alle asylsøkarar har rett til helsehjelp

Asylsøkarar har rett til helsetenester frå kommunen og spesialisthelsetenesta på line med resten av innbyggjarane. Retten til helsehjelp er ikkje avhengig av bustad. Retten gjeld dimed òg for personar på midlertidige overnattingsplassar (akutt innkvartering).

Kostnadar til helsetenester til asylsøkarar i ordinære mottak og på midlertidige overnattingsplassar (akutt innkvartering) blir dekte gjennom vertskommunetilskotet, refusjonar frå HELFO og eigenbetaling frå pasientane.

UDI dekkar ekstraordinære utgifter for helsetenester i transittmottak og ankomstsenter etter avtale med kommunen.

Kommunen har ansvar for tilsyn med sanitære og hygieniske tilhøve ved mottaka.

[Sjå rettleiar for helsetenestetilbudet til asylsøkarar, flyktningar og familieforeina](#)

#### Nasjonal fagkonferanse om helsetenesta til asylsøkarar, Oslo 16. desember 2015

Målgruppa for konferansen er fagfolk med leiaransvar i helsetenesta til asylsøkarar.

Konferansen er no fullteikna. Du kan stå på venteliste ved å sende e-post til:

[monica.fleisje@hdir.no](mailto:monica.fleisje@hdir.no)

Konferansen blir òg strømma direkte på internett og opptak av konferansen blir gjort tilgjengeleg i ettertid.

[Sjå informasjon om konferansen](#)

### **Tilrådingar om vaksine**

Kommunen der asylsøkaren oppheld seg, skal gje tilbod om vaksining dersom det ikkje finst dokumentasjon på at personen allereie er vaksinert etter norske tilrådingar.

Rapportar frå fylkesmennene til Helsedirektoratet tydar på at ingen eller svært få asylsøkarar blir vaksinerte på ankomstsenter eller i transittmottak.

Vaksinar i barnevaksinasjonsprogrammet blir sendt gratis frå Folkehelseinstituttet. Det gjeld òg MMR-vaksine til alle som ikkje er vaksinerte eller har hatt sjukdommane. Vaksine mot polio er gratis til alle vaksne asylsøkarar.

Det har vore problem med forsyninga, men per i dag er alle aktuelle vaksinar tilgjengelege.

### **Tilrådingar for barn:**

Vi tilrår at barn blir vaksinerte opp i samsvar med barnevaksinasjonsprogrammet. Vaksininga bør byrje innan tre månader etter at barnet kjem til Noreg. Barn skal få tilbod om vaksine så tidleg som mogleg, seinast innan tre månader.

Ved ankomstsentera, der sær mange bur tett, bør barn under 15 år få tilbod om MMR-vaksine allereie når dei kjem. Spedbarn bør få tilbod om vaksinar i samsvar med det norske barnevaksinasjonsprogrammet så snart som mogleg.

### **Tilrådingar for vaksne:**

Alle vaksne som ikkje tidlegare er vaksinerte eller har hatt sjukdommane, bør få tilbod om MMR- og poliovaksine innan tre månader etter at dei kjem til landet.

### **Influensavaksining**

Barn og vaksne i dei definerte risikogrubbene, bør få tilbod om influensavaksine for å redusere alvorleg sjukdom og død som fylgje av influensa.

Det einskilde mottaket og kommunen står fritt til å velje andre strategiar utover vaksining av dei definerte risikogrubbene.

Ved knappe ressursar bør tuberkulosescreening og vaksinerings mot MMR og polio bli prioritert framfor sesonginfluensavaksinerings.

Meir informasjon: [Vaksinasjon av asylsøkarar](#)

### **Registrering av vaksinerings i SYSVAK hos personar med DUF-nummer**

I samband med auken av asylsøkarar til Noreg har Folkehelseinstituttet lagt til rette for å ta i mot meldingar om vaksinerings på DUF-nummer i det nasjonale vaksinasjonsregisteret SYSVAK (Nasjonalt vaksinasjonsregister). [Les meir om SYSVAK-registrering med DUF-nummer.](#)

### **Ved spørsmål om vaksinar og vaksinerings kontakt:**

- Telefon for vaksinerådgjeving for helsepersonell om vaksinar og vaksinerings, måndag til fredag klokka 13.00-14.30, tlf. 21 07 70 00
- [vaksine@fhi.no](mailto:vaksine@fhi.no)
- SYSVAK-brukarstøtte, måndag til fredag klokka 13.00-14.30 tlf. 21 07 65 00

For daglege oppdateringar kan du [abonnere på nyhende frå temasida til FHI om vaksinar](#)

### **Yrkesvaksinerings for tilsette ved asylmottak**

For tilsette ved mottakssenter og asylmottak gjeld dei same tilrådingane som for resten av befolkninga. Utover dette skal arbeidsgjevaren vurdere risiko for smitte. [Sjå tilrådingane frå Folkehelseinstituttet](#)

### **Råd ved utbrot av gastroenteritt eller hepatitt A**

Folkehelseinstituttet har utarbeida eit [informasjonsskriv om handsaming av utbrot i asylmottak.](#)

### **Skadedyr i mottak**

UDI frys ned bagasjen til asylsøkarane ved ankomstsentera og transittmottaka som fast rutine, for å minke risikoen for skadedyr. Det kan likevel vere problem med skadedyr somme stader. [Sjå tilrådingar frå Folkehelseinstituttet](#)

### **Helsepersonellpool**

Helsedirektoratet har oppretta ein helsepersonellpool der vi registrerer helsepersonell som vil hjelpe i arbeidet med helsetenester til asylsøkarar. Helsepersonellpoolen er oppretta som ein beredskap dersom kommunane ikkje får tak i nok helsepersonell gjennom andre ordningar og avtaler dei har for å skaffe tilstrekkeleg med personell.

Fylkesmennene har meldt inn behov for personell i kommunane, og Helsedirektoratet er i ferd med å sortere og fylgje opp dei behova som er meldt inn. Helsedirektoratet syter for at kommunar som har meldt behov som er direkte knytt til asylsituasjonen, får sendt over liste

over aktuelle personar som har meldt seg til poolen. Kommunane må sjølv lage arbeidsavtalar med personellet på vanleg vis og finansiere stillingane.

Kommunane kan òg vende seg direkte til Helsedirektoratet om dette:

[helseteam@helsedirektoratet.no](mailto:helseteam@helsedirektoratet.no)

*Nettsidene til [Helsedirektoratet](#) og [Folkehelseinstituttet](#) blir oppdatert jamt.*

*Spørsmål om innhaldet i denne e-posten kan rettast til kommunikasjonsavdelinga i Helsedirektoratet ved Jo Heldaas på telefon 905 71 700 eller e-post [jo.heldaas@helsdir.no](mailto:jo.heldaas@helsdir.no)*